



Reglement for delegering og avgjerdsrett

Delegering frå kommunestyret til formannskap, administrasjonsutval, styret for næringsfondsaker og rådmann

Vedteke av Askvoll kommunestyre i sak 18 /20
Gjeldande frå vedtaksdato 29.04.2020

DEL I - GENERELLE REGLAR OG DEFINISJONAR

1.0 Lovgrunnlag

Ny kommunelov 2019 med iverksetjingsdatoar haust 2019 og 01.01.2020 seier m.a følgjande om ansvar og delegering:

§ 5-3.Kommunestyre og fylkesting. Intern delegering

Kommunestyret er det øverste organet i kommunen, og fylkestinget er det øverste organet i fylkeskommunen. Kommunestyret treffer vedtak på vegne av kommunen, og fylkestinget treffer vedtak på vegne av fylkeskommunen, hvis ikke noe annet følger av lov. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer myndighet til å treffe vedtak til andre folkevalgte organer, ordføreren eller kommunedirektøren innenfor rammene av denne loven eller annen lov.

§ 5-4.Kommunestyrets og fylkestingets adgang til å delegerer vedtaksmyndighet til andre rettssubjekter
For saker som gjelder lovpålagte oppgaver, kan kommunestyret og fylkestinget delegerer myndigheten til å treffe vedtak til andre rettssubjekter så langt lovgivningen åpner for det.
For andre saker kan kommunestyret og fylkestinget delegerer myndighet til å treffe vedtak til andre rettssubjekter hvis saken ikke har prinsipiell betydning.

§ 5-7.Utvalg

Kommunestyret og fylkestinget kan selv opprette utvalg for kommunale og fylkeskommunale formål og for deler av den kommunale eller fylkeskommunale virksomheten. Kommunestyret kan selv også opprette utvalg med ansvar for en geografisk del av kommunen (kommunedelsutvalg). Utvalg etter denne paragrafen skal ha minst tre medlemmer.

§ 5-9.Kommunestyre- og fylkestingskomiteer

Kommunestyret og fylkestinget kan selv opprette kommunestyrekomiteer og fylkestingskomiteer som saksforberedende organer for kommunestyret og fylkestinget. Slike komiteer skal ha minst tre medlemmer. Komiteene kan ikke gis vedtaksmyndighet.

§ 5-11.Partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg)

I alle kommuner og fylkeskommuner skal det opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg) for behandling av saker som gjelder forholdet mellom de ansatte og kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver. Hvis minst 3/4 av de ansatte ønsker det, kan slike utvalg erstattes med andre ordninger.

§ 5-12.Eldreråd, råd for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom

Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.

§ 5-13.Reglement for folkevalgte organer

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter

- a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet*
- b) tidsperioden som organet er opprettet for*
- c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet.*

§ 5-14.Reglement for delegering og innstilling

Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Det sist fastsatte reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt.

§ 6-1. Ordførerens myndighet og oppgaver

Ordføreren i kommunen er møteleder i kommunestyret og formannskapet. Ordføreren i fylkeskommunen er møteleder i fylkestinget og fylkesutvalget.

Ordføreren er rettslig representant for kommunen eller fylkeskommunen og underskriver på kommunens eller fylkeskommunens vegne hvis ikke myndigheten er tildelt andre.

Ordføreren har møte-, tale- og forslagsrett i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer unntatt kommune- og fylkesråd og organer under dem. I kontrollutvalget har ordføreren likevel bare møte- og talerett.

Ordføreren har bare stemmerett i organer der han eller hun er valgt medlem. Ordføreren kan la et annet medlem av kommunestyret eller fylkestinget representere seg i de organene som han eller hun ikke er medlem av.

Kommunestyret og fylkestinget kan selv gi ordføreren myndighet til å

- a) treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning*
- b) treffe vedtak i hastesaker etter § 11-8 første ledd*
- c) opprette utvalg som skal forberede saker som ikke har prinsipiell betydning.*

Formannskapet og fylkesutvalget kan selv gi ordføreren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.

Ordføreren skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan den delegerte myndigheten er benyttet.

§ 13-1. Kommunedirektør. Myndighet og oppgaver

Et folkevalgt organ kan gi kommunedirektøren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.

Kommunedirektøren har det løpende personalansvaret for den enkelte, inkludert ansettelse, oppsigelse, suspensjon, avskjed og andre tjenstlige reaksjoner, hvis ikke noe annet er fastsatt i lov.

1.1 Målsetting

Kommunen sitt delegeringsreglement er eit sentralt hjelpemiddel for å gjere kommunen sin samla organisasjon og avgjerdsprosess så effektiv som mogleg. Det skal sikre føremålstenleg mynde og ansvarsavklaring mellom politiske organ og administrasjonen.

I delegeringsreglementet skal det leggest til rette for at mest mogleg av dei politiske og administrative ressursane skal kunne fokusere på utvikling og planlegging, medan dagleg drift og avgjerd i enkeltsaker skal kunne skje med minst mogleg bruk av tid og forvaltningsressursar.

I Askvoll kommune vert mynde delegert frå kommunestyret til formannskapet, valstyret, klagenemnda, administrasjonsutvalet og styret for næringsfondsaker.

Sameleis delegerer kommunestyret eller eit av dei ovanfor nemnde organa mynde vidare til ordførar og til rådmann.

Etter kommunelova skal all delegering av mynde frå politiske organ til administrasjonen delegerast til rådmannen. Det er opp til rådmannen å delegere mynde vidare til andre i administrasjonen.

1.2 Definisjonar

Etter kommunelova § 5-3 er kommunestyret det øvste kommunale organet og gjer vedtak på vegner av kommunen, så langt ikkje anna følgjer av lov eller vedtak om delegering.

Kommunestyret har alt mynde som ikkje positivt er lagt til andre organ i kommunen.

1.2.1 Delegering

Kommunestyret kan gje eit underordna organ, t.d formannskapet eller eit fast utval, fullmakt til å treffe avgjerder i nærare nemnde saker. Formannskapet kan delegere mynde av ein art som det sjølv har.

1.2.2 Kurante saker:

- Avgjerder som er fagleg prega og følgjer lov og føresegner.
- Avgjerder som følgjer av regelverk og kommunen sine egne plan- og retningslinevedtak.
- Avgjerder som inneber låg grad av skjøn.
- Saker som ikkje har økonomiske konsekvensar utover dei økonomiske rammer for planlagt aktivitet.

1.2.3 Prinsipiell sak:

- Avgjerd som krev ei breiare skjønsmessig vurdering.
- Avgjerd som inneber politiske vurderingar og/ eller prioriteringar
- Avgjerd som innleiar ein ny praksis
- Avgjerd som medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet.

1.3 Delegering til politiske organ og ordførar

1.3.1 Formannskapet

- Oppgåver etter kommunelova § 5-6
- Utvida mynde i hastesaker (kommunelova § 11-8)
- Vedtaksmynde som fast utval for plansaker
- Vedtaksmynde som valstyre
- Vedtaksmynde i saker om sivil beredskap
- Vedtaksmynde som byggenemnd
- Vedtaksmynde innanfor delar av veglova
- Vedtaksmynde som klagenemnd etter forvaltningslova § 28. 2. ledd
- Naturskadelova §§ 22 og 24
- Kommunal eigeomsforvaltning
- Sal av næringstomtar
- Mynde i høve KF-delegeringsreglement for Askvoll

1.3.2 Administrasjonsutvalet

- Mynde til å vedta t.d permisjonsreglement, tilsetjingsreglement mm.

1.3.3 Kommunestyrekomitèane

- Skal gje tilråding i saker til kommunestyret og anna arbeid jfr Reglement

1.3.4 Tilsetjingsutvalet

Kommunelova § 13-1 legg det løpande personalansvaret for den einskilde tilsette til rådmannen, inkludert tilsetjing, oppseiing, avskjed og andre tenestelege reaksjonar.

Tilsetjingar vert difor fullt ut eit administrativt ansvar, som må gjerast i tråd med hovudavtale, hovudtariffavtale og tilsetjingsreglement.

1.3.5 Ordfører

- fastsette saksgangen for prinsipielle saker
- representerer kommunen i generalforsamlingar, årsmøte og liknande i selskap der kommunen har eigarinteresse og/eller medlemskap, der andre ikkje er vald som kommunal representant. Andre kan representere etter fullmakt frå ordfører der ordfører ikkje kan møte.
- Som hovudregel møter ordfører som kommunen sin partsrepresentant i rettsaker og liknande, med mindre ordføraren etter eiga vurdering vel å gje fullmakt til ein annan.
- utfører arbeidsgjevaransvaret overfor rådmannen.
- disponerer konto 11402 – representasjon og konto 14900 reserverte løyvingar under teneste 10000 – Politisk styring.
- Ordfører får delegert mynde jfr. kommunelova §6-1 a) til å ta avgjer i kurante enkeltsaker som til vanleg vert avgjort av kommunestyre eller formannskap, når desse organa avviklar sommarfeire.
Ordfører får delegert mynde jfr. kommunelova § 6-1 b) til å treffe vedtak i hastesaker etter § 11 - 8.
Ordføraren skal rapportere til kommunestyret om korleis den delegert fullmakta er brukt..

1.4 Delegering til administrasjonen

I samsvar med kommunelova er alt mynde som kommunestyret delegerer til administrasjonen lagt til rådmannen. Rådmannen gjev tilråding i saker til kommunen sine politiske organ.

1.4.1 Rådmannen

- Vedtaksmynde i kurante saker, med unnatak av saker der kommunestyret gjennom reglement eller positivt i KF delegeringsreglement legg dette myndet til politiske organ.
- Vedtaksmynde i saker som gjeld forhold mellom kommunen som arbeidsgjevar og den einskilde tilsette og mynde til å tilsetje i alle stillingar.
- Mynde til å disponere budsjett innanfor kvar etat
- Mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtaler innanfor normal drift.
- Sal av kommunale bustadtomtar
- Mynde i høve KF-delegringsreglement for Askvoll kommune
- Lønsforhandlingar for alle tilsette bortsett frå rådmannen
- Godkjenne A-rundskriv frå KS
- Mynde til å forhandle om andre lokale avtalar

DEL II – RETNINGSLINER FOR DELEGERING

2.1.0 Retningslinjer for utøving av fullmakt.

All delegert mynde må nyttast i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer gitt av overordna organ, og innanfor budsjetttrammene og føresetnadane. Delegering frå politisk

organ til administrasjonen går alltid til rådmannen, med unntak der det i særlover spesifikt seier at eventuell delegasjon går til reine fagfunksjonar.

I tvilstilfelle om ei sak er kurant eller ikkje kan rådmannen:

- Avklare dette med ordførar
- Legge saka fram for formannskapet som ei einskildsak
- Trekkje ut dei prinsipielle spørsmåla og legge dei fram til politisk handsaming før einskildsaka vert avgjort administrativt.

2.1.1 Sakshandsaming

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med dei sakshandsamingsreglar som følgjer av lover, forskrifter, reglement og god forvaltningsskikk, og elles innanfor plan- og budsjettrammer som er fastsett av kommunestyret eller anna overordna organ.

Det organ som utøver delegert mynde, har til ei kvar tid ansvaret for at myndet vert utført innanfor gjeldande lov, forskrift, reglement og overordna vedtak. Delegerte vedtak skal meldast til formannskapet eller komitè.

2.1.2 Vidaredelegering

Eit organ med vedtaksmynde kan, så lenge det ikkje er hinder som er fastsett i lov, retningsliner eller overordna vedtak, vidaredelegere myndet.

2.1.3 Rett til å late vere å bruke delegert mynde

Den som har fått delegert mynde kan i særskilde høve be overordna organ å ta avgjerd. Det overordna organet vil då gje attendemelding om den vidare saksgangen i saka. Overordna organ kan instruere den som har fått delegert mynde til å nytte dett.

2.1.4 Tilbakekalling av fullmakt i einskildsaker

Eit overordna organ kan krevje å få lagt fram for seg til avgjer ei sak som eit underordna organ har til handsaming etter delegert fullmakt.

2.1.5 Omgjeringsrett

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om vedtak i eit underordna organ i samsvar med forvaltningslova (§35).

2.1.6 Rett for partar og andre til å få eit vedtak overprøvd

Med heimel i forvaltningslova §28 har partar og andre med rettsleg klageinteresse høve til å klage eit enkeltvedtak som er gjort styret for næringsfondssaker eller administrasjonen etter delegert mynde, inn for klagenemnda i samsvar med reglane i forvaltningslova kap. VI.

Kommunestyret er klageinstans på vedtak gjort av formannskapet.

Dette gjeld saker med intern klagehandsaming.

Partar har ikkje klagerett i tilsetjingssaker jfr. fvl. § 3,2.ledd.

2.1.7 Mynde i klagesaker

Saksbehandlninga i klagesak skal følgje lov, forskrift og kommunale reglement.

Med mindre særlov eller dette reglementet fastset noko anna, er formannskapet klageorgan for einskildvedtak gjort av styret for næringsfondssaker og rådmannen. I dei høve formannskapet gjer einskildvedtak som blir påklaga, er kommunestyret klageinstans. Når kommunestyret sjølv treff vedtak som førsteinstans, skal klaga sendast til statleg organ (fylkesmannen) for avgjerd, jfr fvl. § 28. 2. ledd.

Delegering frå kommunestyret til rådmannen omfattar også mynde til å handsame ei forvaltningsklage som underinstans. Rådmannen kan vidaredelegere dette myndet til ein underordna i organisasjonen.

2.1.8 Mindretalsanke

Eit mindretal kan krevje ei avgjer i eit politisk organ lagt fram for kommunestyret. Kravet om anke må fremjast før møtet er slutt og førast inn i møteboka.

2.1.9 Delegering i budsjettsaker.

All delegering av avgjerdsrett frå kommunestyret føreset budsjettmessig dekning innanfor kvar etat sine rammer.

Sjå elles budsjettvedtak og økonomireglement for Askvoll kommune

2.1.10 Møterett

Ordførar har møte- og talerett i alle kommunale organ, men har berre stemmerett og forslagsrett dersom han eller ho er lagt som medlem. Ordføraren kan la seg representere av eit anna medlem av kommunestyret i politisk organ kor han eller ho ikkje er medlem.

Rådmannen har møte- og talerett, personleg eller ved ein av sine underordna, i alle kommunale folkevalde organ med unnatak av kontrollutvalet.

Leiar i ungdomsrådet eller den som møter for ho/han har møte- og talerett i samsvar med reglement til ungdomsrådet .

Delegasjon frå kommunestyret til politiske organ og rådmannen

Sjå KF-delegeringsreglement for Askvoll kommune